

Kyrkje- bladet

Nr. 3/22
INFORMASJON
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 4 -

UTE-TORS DAG VED
LANDRO KYRKJE

- SIDE 6 -

RENHABILITERING AV
FJELL KYRKJE

- SIDE 13 -

NY DRIFTSLEIAR

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 5 gongar i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellestråd

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk utforming:
Yngvild Mørner Sørheim

Framsdebilete: Anne, Kristin og Rannveig er med på Ute-torsdag ved Landro kyrkje

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Molvik Grafisk AS



Bankgiro

Kyrkjebladet: 1503.84.37590

Vipps

Kyrkjeblada i Øygarden: 736342



Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet: 30. august



Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:
1506.35.46523

LEIAR

Det går mot sommar!

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



Dag for dag kan vi sjå korleis naturen rundt oss er i endring, og vi kan gle oss over og takke for fargar, vekst og liv som blir til, rett framfor augo våre.

Også i kyrkja er det er liv og utvikling. 220 ungdomar vart konfirmerte i Fjell, Foldnes og Landro denne våren, og vi gler oss til å ta imot eit nytt kull med konfirmantar til hausten. Då vert det også mogeleg for vaksne å verte med på trosopplæring, les meir om dette på side 9 og 17, og meld deg på!

I Landro er det fokus også på fysisk vekst. Området bak kyrkja er i ferd med å verte forvandla til ein herleg hage, der grønsaker, urter og bær skal få gro. Like viktig er det at menneske får møtast på nye måtar, og at fleire vert inkludert i fellesskapen. Du kan lese om VEKST-prosjektet i Landro på s. 4-5.

Vi gler oss også over at Tore Heggernes har byrja i stillinga som driftsleiar, med ansvar for kyrkjene og gravplassane i kommunen. Eit stort prosjekt som vil vere viktig på hans område, er rehabiliteringa av Fjell kyrkje, som du kan lese meir om på s. 6. Fellestrådet takkar kommunen for den store løyvinga til arbeidet. Vi ønskjer Tore lukke til i den nye stillinga, og varmt velkomen som medarbeidar i Øygarden kyrkjelege fellestråd!

Så er det er alltid slik at medan noko er i startgropa, er det anna som kjem til ei avrunding. Det kjennest vemodig når gode medarbeidarar sluttar. Etter 20 år som tilsett har Ingjerd Johansen bestemt seg for å bli pensjonist. Ho kjem til å bli grundig sakna etter å ha gjort ei solid «alt-mogeleg-teneste» i kyrkja, som ho fortel meir om på side 7. Morten Torsvik sluttar også, etter vel to år som sokneprest i Fjell. Sjølv om tida vart kort, har han sett gode spor etter seg. Vi takkar både Ingjerd og Morten for tenesta dei har gjort, og ønskjer dei alt godt for tida som kjem!

God sommar til alle lesarar av kyrkjebladet!

DIAKONITUR

Vil du vere med oss på tur til Institutt for sjelesorg,
Modum Bad 15.-19. august 2022?

Togreisa + opphaldet
kostar kr. 7000.- pr. person.

Påmelding til Ellen Ebbesvik,
ee465@kyrkja.no eller 924 42 881

Diakonane i Øygarden

UTE-TORS DAG VED LANDRO KYRKJE	4-5
REHABILITERING AV FJELL KYRKJE	6
INGJERD H. JOHANSEN PENSJONERER SEG	7
MORTEN TORSVIK REISER TIL ETIOPIA	8-9
KURS OM TRU I FJELL.....	9
EIT FLOTT KONFIRMANTÅR I FJELL.....	10
MØT NOKRE FRIVILLIGE FRÅ LANDRO	12
TORE HEGGERNES ER NY DRIFTSLEIAR	13
T-DAGEN	14-15
KURSKVELDAR I LANDRO	17
GUDSTENESTEOVERSIKT OG LIVETS GANG	18-19

Takk for meg

Da er tiden inne for å ta farvel med dere Fjellsokninger.

Det har både vært fint og utfordrende å være prest igjen etter en lang pause som lærer. Selv om pandemien har satt sitt preg på det meste og jeg knapt har fått oppleve et normalt menighetsliv, så har jeg mange ganger erfart hvordan Gud har vært tilstede og velsignet oss. Det er ikke antallet vi klarer å samle som er avgjørende for hvordan store ting kan skje mellom oss, men at Gud åpenbarer seg og arbeider med oss.

Det står noen fine bibelvers i apostelgjerningene 13:

David var en tjener for Guds plan så lenge han levde. Så døde han og ble gravlagt hos sine fedre og gikk til grunne. Men han som Gud oppreiste, gikk ikke til grunne. Og nå skal dere vite, brødre, at ved ham blir tilgivelse for syndene forkynt dere.

Min drøm, både for min egen del og for dere, er at vi i likhet med David må være en "tjener for Guds plan" så lenge vi lever. Enten livet blir langt eller kort, lykkelig eller utfordrende, om vi får være friske eller må slite med helseutfordringer.

David var en helt, men ingen helgen. Han var koblet på Guds plan. Han levde for noe større enn seg selv. Jeg tror ikke han hadde drømt om at mennesker over hele verden, 3000 år etter hans død, ville lese, be og synge hans salmer til oppbyggelse og trøst.

David var begrenset, gjorde grove synder og mange feil, men det førte han ikke bort fra Gud. Nei, det gjorde han bare mer avhengig av Gud og hans nåde. Han vitnet om Messias den ubegrensede som ikke gikk til grunne. Han er den udødelige, synderes venn og vår frelser.

Morten Torsvik

Sokneprest i Fjell



Det er vel dette misjonsbefalingen dreier seg om. Den gir både innhold og retning for alt kristent arbeid mellom oss. Siden Jesus har all makt i himmelen og på jorden, skal vi med frimodighet få dele evangeliet. Det står ingenting om våre evner og våre talemåter. Grunnlaget for det hele er hos Jesus. Vi skal få dele hans ord, hele hans ord, slik vi har fått det overlevert i Bibelen. Så vil det skape disipler. Oppskriften til menighetsbygging er enkel: "døpe og lære" - så vil oppdraget lykkes. For han som sender oss ut og gir oss tilliten til å formidle det aller viktigste budskapet på jorden. Han har lovet å være med oss alle dager, inntil verdens ende.

Takk for meg og
Gud velsigne dere alle.



Maria Wergeland visar korleis ein kan ta stiklingar frå bærbuskar.

Kjekt på ute-torsdag

Gjennom fleire torsdagar i år har Maria Wergeland invitert alle som vil, til å vere med på å ta i bruk uteområde ved Landro kyrkje.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Det er fyr i bålpanna og over flammene heng det kjele med både kaffi og te-vatn. Rundt bålet er det god plass til å sitje og varme seg, grille marshmallows, småprate og vere sosial.

Ute-torsdag er ein del av det nye prosjektet VEKST. –Eit prosjekt der vi prøver å finne nye måtar å møtast på, inkludere fleire og komme saman og gjere ting saman, fortel Maria. – Håpet med Ute-torsdag er at vi skal

kunne lære av kvarandre og utveksle erfaringar.

På tidlegare torsdagar har dei montert pallekassar, planta mellom anna reddik, spinat og grønnskål. Noko er planta ut i plantekassar, mens noko framleis treng litt meir tid inne i varmen. Her har barne- og tweenskoriet i Landro vore til god hjelp. Dei har vore med å så, og dei har vatna plantane når dei har vore på korøving.

–Eg prøver å ha eit slags tema for kvar torsdag, seier Maria. Denne torsdagen har ho med seg nokre ripskvistar som har stått i vatn i nokre månader. Dei har fått røter og er klar for å bli planta ut. Ho har også med seg nokre kvistar som er nyklipt. Med desse viser Maria korleis ein kan ta stikling av bærbuskar og kva som er lurt å tenke på for å få det til.

Vi har fleire ting på agendaen denne torsdagen. Alle plantar, ute og inne, må få vatn, og vi får ei lita omvisning



I ein av plantekassane plantar Randi og Kristin ned settepoteter.

i alle kassane. Maria har også med seg settepoteter som er klare til å bli planta i ein av plantekassane. Med målband, spadar og hanskar på hendene, samarbeider alle godt for å få potetene i jorda.

To ripsbuskar blir også planta, ein av dei er kjøpt inn og den andre er frå stiklingane Maria hadde med seg.

–Alle som vil, kan ta turen til området bak kyrkja og sjå korleis potetane spirer og plantane veks. Til hausten fortsett uteprosjektet og vi håpar endå fleire vil samlast rundt bålpanna, seier Maria.



Før ripsbusken vert planta av Anne, heller Rannveig over hønsegjødsel.



Bålpanna varma godt, og ekstra deilig var det med varme marshmallow.



Endeleg

Nesten to år etter at Olav Sørheim gjekk av med pensjon, fekk Fjell kyrkjelyd endeleg takka han for tenesta som organist gjennom 45 år.

Palmesøndag 10. april spelte han under gudstenesta til ei fullsatt kyrkje. Øygarden kyrkjebrass var òg med å spele. Etter postludiumet fekk han ståande applaus frå kyrkjegjengarane.

Deretter vart det kyrkjekaffi i kyrkjelydssalen med kaker, blomar og helsingar.

Tekst: Yngvild Mørner Sørheim

Foto: Kjell Andersland

Rehabilitering av Fjell kyrkje

Øygarden kommune har løyvd 39 millionar kroner til rehabilitering av Fjell kyrkje. Dette er fellesrådet og kyrkjelyden i Fjell takksame for!

TEKST: ANNLAUG BØRVE
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Kommunen har ansvar for prosjektet, og Arne-Magne Fjell er prosjektleiar.

Kva er det grunnleggjande arbeidet som skal gjerast på Fjell kyrkje?

Fjell kyrkje treng eit omfattande vedlikehald. Ein har oppdaga skadar på deler av berekonstruksjonen som treng utbetrast. I tillegg er levetida på enkeltdelar som til dømes skifertak og koppartekking brukt opp. Dette treng ein å utbetre og restaurere for å sikre kyrkja i åra som kjem. I tillegg ønskjer vi å sjå på kva som er mogleg å gjennomføre av ENØK tiltak for å redusere straumkostnadene. Vi ser at tøft vestlandsvær har tært på kyrkja gjennom åra, men kyrkja er også med sine 148 år eit døme på solid handverk frå den gongen den vart bygd.

Kor langt har vi komne i prosessen?

Fjell kyrkje er den eldste kyrkja i kommunen vår, og er ei listeført kyrkje. Ei slik vernestatus betyr at ein lyt trø varsamt, og ha god og tett dialog med bygningsvernmyndighetene. Dette er prosessar som tek noko tid, men er viktig å gjennomføre på ein god og grundig måte. Byggtekniske rådgjevarar frå Multiconsult jobbar



no med å skaffe ei grundig oversikt over byggtekniske skadar, og tilstand på kyrkja. Dette arbeidet inneber utdjupande undersøkingar, og ein har mellom anna scanna heile kyrkja innvendig for å effektivisere arbeidet. Saman med kyrkja, Riksantikvaren, bispedømekontoret og kommunen sin eigen kulturminneforvaltar arbeider vi med å dokumentere kyrkja sin bygningshistorikk.

Kan du sei litt om framdriftsplanen?

Framover våren og sommaren vil dei prosjekterande rådgjevarane

jobbe vidare med kartlegging, analysar og berekningar for å treffe dei riktige tiltaka. Prosjekteringsgruppa skal utarbeide eit konkurransegrunnlag der den foreløpige planen er å lyse ut arbeidet i konkurranse hausten 2022. Her er det framleis ein del som er usikkert. Arbeidet med kartlegging og prosjektering er i ein relativ tidleg fase, og ein er avhengig av at prosessar knytt til t.d. vernemyndigheiter, og byggesak ikkje får for store forseinkingar.

Restaureringa vil starte opp så snart konkurransen er tildelt, og ein kan foreløpig anta ei byggetid på 1,5-2 år. Kor lang tid sjølve restaureringsarbeidet vil ta er enno usikkert, men prosjektet jobbar mot å ferdigstille restaureringa i løpet av jubileumsåret 2024.

Vil kyrkja kunne brukast under reoveringa?

Vi håpar det! Samtidig er det mange utfordringar som må løysast før vi kan konkludere med om kyrkja må stengjast eller ikkje. Her vil mellom anna vurderingar knytt til sikkerheit for menneske og bygg vere avgjerande for kva ein landar på.

Takk Ingjerd!

Gjennom 20 år i kirken har Ingjerd Hauge Johansen vært med på mye forskjellig. Nå skal hun pensjonere seg og vi ønsker henne alt godt for pensjonisttiden.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Du har vært ansatt i kirken i 20 år, hva fikk deg til å bli så lenge?

Trivsel, mange gode kollegaer, mange hyggelige treffpunkt, sang, musikk, allsidig og meningsfullt arbeid. I disse 20 årene har jeg hatt mange forskjellige arbeidsfelt, som kirketjener i Landro kyrkje, kirkegårdsarbeider, miljøansvarlig (Miljøfyrtårn), prostesekretær, ansvar for gravregistrering, og kirketjener i Foldnes kyrkje. Jeg har også deltatt i mange T-dager, der jeg har fått bruke mange andre «talenter», som pianist, organist, skuespiller, kunstutstillter m.m. Alt dette har gjort arbeidet mitt variert, og bidratt til at jeg har trivdes så godt.

Hva er høydepunktene du ser tilbake på i din kirkekarriere?

Det har vært mange fine høydepunkter opp gjennom årene, som gripende arrangement i kirkene, mye fin musikk, turer, og feiringer i staben med god mat og hyggelig samvær. Men kanskje aller mest stabsturen til Sjømannskirken El Campanario i Spania i 2005. Det var dager som bidro til mange gode minner!



En kirketjener deltar i sorg og glede i kirkerommet, ble du påvirket av det?

Gleder i kirkerommet, som for eksempel gudstjenester, dåp, vielser, konfirmasjon, og barnehage- og skolebesøk, gir alltid positiv påvirkning, og man går hjem med en

god følelse av at dagen har vært fin.

Men sorgen hører også med, så selv om begravelser kan være triste, er det alltid en god opplevelse å være der, med rolig atmosfære, interessante og gripende minneord, og nydelig musikk. Men jeg prøver å ikke la sorgen prege resten av dagen, den må jeg legge fra meg.

Hvilke planer har du for pensjonisttiden din?

Selv om jeg tar pensjonisttilværelsen to år på forskudd, føler jeg at tiden er moden. Mens jeg ennå er «oppegående» vil jeg nå bruke energien min på hus og hage, fotturer, campingturer, hobbyer, og bare det å føle meg fri til å disponere dagen som jeg vil! Det ser jeg veldig fram til, selv om jeg nok

vil savne mine gode kollegaer. Men vegen til kirken er kort, så der vil jeg nok risikere å treffe på noen likevel.

Jeg vil med dette få takke for 20 flotte arbeidsår i Den norske kirke!



Etiopia kaller

Morten Torsvik slutter som sogneprest i Fjell, og reiser til Etiopia som utsending fra Norsk Luthersk Misjonssamband.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Hva har du likt best med å jobbe som sogneprest i Fjell?

Det er det vanskelig å svare på. Det er noe med helheten. Dette med å møte mennesker, snakke med mennesker og ikke minst å drømme sammen om hvordan vi kan drive arbeidet videre med å nå mennesker med evangeliet om Jesus. Det har jeg likt veldig godt. Ellers må jeg jo trekke frem gudstjenestene. Det å forberede gudstjenester, arbeide med pretekstene og tenke igjennom hvordan jeg kan formidle budskapet i dagens pretekst. Den spenningen jeg kjenner på hver eneste søndag når Ordet skal forkynnes. Får jeg formidlet det slik jeg ønsker? Tar menigheten poengene? Er de mottakelige for det som står? Det er en spenning jeg ofte

kjenner på med en skrekkblandet fryd/frykt.

Hva har vært det mest utfordrende med å være sogneprest i Fjell?

Igjen stiller du et vanskelig spørsmål. Utfordringene har ligget på så mange plan. Menigheten i Fjell er særdeles oppegående, og det er tydelig at det som skjer i kirken betyr mye for mange. Alt fra salmevalg, prekenpoeng, og aktiviteter jeg har vært med på blir gjenstand for grundig evaluering av menigheten gjennom kommentarer og skulderklapp. Det er jo nydelig, for det viser at det betyr noe. Samtidig skaper det få hvileskjær. En må være på hugget og klar til å yte sitt aller beste hele tiden. Og det ligger et ønske og en mer eller

mindre uttalt forventning om at jeg som prest skal være til stede i veldig mange sammenhenger. Det har gjort tjenesten litt grensesprengende. Kanskje har jeg litt skyld i det selv også, siden barna har forlatt redet og jeg har ikke vært så opptatt av å begrense meg

Hvilke muligheter ser du for menigheten videre?

Fjell menighet er mulighetenes menighet. Her er det masse ressurssterke mennesker med mange ideer for arbeidet videre. Og her er det mange som er villige til å bruke tid i menigheten. Jeg har jo hjerte for disippelgjøring og da er jo bibelopplæring, gjennom bibeltimer og bibelgrupper helt grunnleggende. Nesten alle pretekster i kirkeåret handler om at Jesus underviser og

lærer både folket og disiplene. Når han irettesetter folket og sier at de farer vill, - så er det nettopp fordi de ikke kjenner skriftene. Så det å lese og lære menigheten hvordan de skal få budskapet ut av tekstene tror jeg er en nøkkel. Ellers ser jeg på gudstjenestene som hoved pulsslaget i hele menigheten sitt liv. Det å koble på alle lag, foreninger, kor til både barn, unge og voksne til gudstjenesten og inkludere og tilrettelegge for dem slik at de får et eierforhold til gudstjenesten. Det tror jeg er et viktig satsingsområde.

Hvor går ferden for dere nå, og hva blir arbeidsoppgavene videre?

Til sommeren drar vi til Afrika. Vi skal være utsendinger for Norsk Luthersk Misjonssamband i Etiopia. Jeg skal arbeide på en skole som er tilknyttet Mekane Yesus-kirken, mens Ingrid, min kone som er barnelege, skal arbeide på et sykehus. Helt hva oppgavene går ut på vet vi ikke enda. Første oppgave blir å lære seg språket som de snakker.

Takk til Morten!

Kjære Morten, du kom til oss i januar 2020, og vi merka fort at du sette Guds ord høgst. Guds ord var viktigare enn formene og rituala.

Du har vore tru i å forkynna ut frå den teksten som var gitt deg, anten han var populær eller nærgående og vanskeleg. Du har inngående bibelkunnskap. Du deler med oss, slik at vi får meir innsikt og forståing. Alltid set du teksten for dagen inn i samanhengen. Dessutan har du vore pådrivar til tidebøner morgon og middag på onsdagane, og oppteken av å ha samling om Guds ord som «går av seg sjølv».

Du kom i ei utfordrande tid med korona. Det var så mange avgrensingar. Her såg du og leita etter kva som var mogleg. Kva kunne kyrkja gjera for å nå ut til folket. Her vart løysinga nokon gonger strøyming saman med trufaste medarbeidarar. Alt for å få forkynt Guds ord. Dåpsborna vart mange. Du hadde fleire dåpsgudstjenester etter kvarandre både laurdagar og sundagar.

Du har vore ærleg, real og lett å samarbeida med. Takk, Morten, for den tida du har vore i Fjell sokn! Guds velsigning vidare over deg og familien din, og oppgåvene du og kona di vil få i arbeidet vidare her på jorda for Guds rike!

*For Fjell sokneråd
Jorunn Småbrekke Gjersvik*

Kurs om tru i Fjell kyrkje

Komande haust inviterer vi til eit kurs om kristen tru i Fjell kyrkje. Vi spør då: Kva er trusinnhaldet i kristendommen, eigentleg? I løpet av seks kveldar vil vi stanse for nokre sentrale sider ved den kristne trua. Dette vil vere relevant både for den som har hatt trua lenge, for den som tvilar og den som ikkje veit kva ein kan tru. Eit tema vi tek opp, er Gud som skapar og livgjevar. Står skapingsforteljingane i motsetning til naturvitenskapen? To kurskveldar stansar vi ved Jesus og det som vert fortalt om han. Kvifor er han både elska og omstridd? Er Jesus både sant menneske og sann Gud? Kva gjer Jesus i Jerusalem? Kvifor måtte han lide og dø? Stod han verkeleg opp? Kva betyr det i tilfelle for oss? På dei to siste samlingane, spør vi: Kva kan vi bety for skaparverket og

kvarandre? Korleis halde fast på trua i kvardagen? Finst det ei usynleg kraftkjelde? Kva gjer Den Heilage Ande? - Desse store spørsmåla kan vi ikkje svare utfyllande på ved korte samlingar i kyrkja. Men vi trur at vi gjennom dette kursopplegget kan lære meir og sjå enkeltspørsmål i ein større samheng. Kvar kveld får vi høyre ei innleiing, før samtale i grupper. Det er gratis å delta. Du kan melde deg på til Anne Kaldestad, ak452@kyrkja.no

– Kom som du er, og bli med på ei trusopplæring for vaksne onsdagskveldar i Fjell kyrkje kl. 19.30 - 21.30!
Datoar: 14. og 28. september, 5. og 26. oktober, 9. og 23. november.

Fjell Sokneråd

Onsdagar

Kvar onsdag frå 7. september er du velkommen til å bli med i onsdagsfelleskapet i Fjell kyrkje!

Sjå oversikt over onsdagane ved å scanne QR-koden med mobilen





Eit flott konfirmantår i Fjell

I Fjell kyrkje møter eg Julie Aloysius og Charlotte Askeland. Begge er frå Bildøy, og har vore konfirmantar i år. No har dei akkurat vore på øving til konfirmasjonen, og er spente på korleis den store dagen kjem til å bli.

TEKST OG FOTO: BEATE SØRHUS

«Eg trur det kjem til å bli ein dag eg vil hugse», seier Charlotte, «Eg er spent, men eg gledar meg mest.» «Det som er skummelt, er når vi har vore framme og skal sette oss igjen», istemmer Julie. «Då må du sjå på alle i kyrkja på veg ned trappa.»

Begge er einige om at det har vore eit veldig flott år. «Når eg meldte meg på, så trudde eg at me berre skulle sitte og lese i Bibelen heile tida. Men det som har vore kjekt, er at me har gjort veldig mange forskjellige ting. Det beste har vore det sosiale – det å møte folk», seier Julie. Charlotte kunne ikkje heilt hugse om ho hadde


blitt kjent med nye folk. «Men eg syntest eg har blitt betre kjent med dei på gruppa mi, sjølv om eg kjente dei frå før. Vi har liksom blitt kjent på ein ny måte.»

Når eg spør om kva dei vil huske best frå året er dei samstemte: Konfirmantleiren. «Eg skulle ønske leiren hadde vart ei heil veke», seier Julie, «for det skjedde så mange kjekke ting heile tida.» Charlotte er heilt einig. «Det var så kjekt å bli kjent med nye folk. Det var mykje gøyare enn eg hadde førestilt meg, sjølv om korona gjorde at leiren blei kortare enn planlagt.»

Begge to vil absolutt anbefale dei som skal begynne i 9. klasse til å melde seg på som konfirmantar. «Dei må ikkje gå glipp av denne opplevinga!» seier Julie, som vil anbefale alle å melde seg på konfirmantleiren. «Det som er veldig bra», seier Charlotte, «er at det er mange ulike aktivitetar du kan velje mellom. Så kan alle finne noko dei likar å gjere.»

Så tar begge jentene med seg konfirmantkappene heim. Nå skal kappene strykast, og resten av finstasen gjerast klar til konfirmasjonshelga.

Konfirmant i 2023?



Påmelding innan 1. august
www.kyrkja.no/fjell/konfirmant



9 konfirmantsamlingar i kyrkja, med viktige tema i den kristne trua • 8 gudstenester • Felles konfirmantarrangement, som T14 og T15 • Fasteaksjonen: Konfirmantane er med på innsamlinga til Kirkens Nødhjelp i kvar si kyrkje • Interessegrupper: Mange ulike grupper som konfirmantane kan velje mellom. Alt frå TenSing eller KRIK til lysmesse, klubb eller konfirmantleir.

Fjell kyrkje

29. april: Ulveset
30. april: Knappskog og Skålevik
6. mai: Kolltveit og Tellnes

Foldnes kyrkje

13. mai: Foldnes og Hjelteryggen
14. mai: Brattholmen (Liljevatnet)
og Bjorøy

Landro kyrkje

6. mai: Ågotnes og Spjeld
7. mai: Landro og Misje

Lukas TenSing presenterer

THE SOUND OF MUSICALS

Foldnes kirke 12. juni kl. 18.00

Billetter: Voksne: 100,- Barn u/15: 50,- Familie: 250,-

16.-18.
SEPT.
2022

SONG- OG MUSIKKFESTIVAL

Øygardssong



Hjeltefjorden arena - Rong i Øygarden
Arrangør: INRI-kyrkja, Vik bedehus,
Den norske kyrkja
Billetter på Checkin.no

Lisa Børud med band
Mikael Järlestrand
Leif Ingvald Skaug
Gospelgruppa Redeemed

Gospel Teens
Lyskasteren
Lovsangsteam
Husorkester

Frivillighetens år

2022

Møt nokre frivillige frå Landro kyrkje!



Per Kåre Angeltveit

har vore frivillig i Landro kyrkje i mange år, med ulike oppgåver. For tida er han ofte å sjå som kyrkjevert, eller som kyrkje-

kaffiansvarleg. Tidlegare i veka har han også delteke på Godhetsaksjonen som kyrkjelydane arrangerte. Han er også leiar for HLF (Hørselshemmedes Landsforbund) Sotra og Øygarden. Snart er han på veg til Landsmøte der.

«Å vere frivillig i kyrkja gjer meg mykje. Gevinsten er at andre er takknemlege for det ein bidreg med. Ein får jobbe saman med andre. Å hjelpe er drivkrafta, men det er også kontaktskapande. Ein er saman med andre, og det er ein fin måte å bruke fritida på.» Av spesielt gode opplevingar med frivillig arbeid i kyrkja, hugsar han tilbake til tida då ein la nytt golv i kyrkja på dugnad. «Ein blei kjende med kvarandre på ein annan måte, då ein skulle arbeide saman. Det var eit stort prosjekt, men det var både meningsfullt og kjekt.»

Kjersti Angeltveit.

Eg er med som frivillig i Landro kyrkje fordi eg er glad i kyrka vår, eg har eit ønske om at dei som kjem til kyrkja skal kjenne seg velkomne, og



oppleve at kyrkja er ein trygg og god stad å vere.

Som frivillig i kyrkja deltek eg som kyrkjevert, og eg lagar innimellom kyrkjekaffi. Eg er med i soknerådet, og prøver å bidra så godt eg kan på dei ulike aktivitetane som skjer i kyrka.

Mitt ønskje er at dei som kjem til kyrkja kan kjenne at her er eit varmt fellesskap som inkluderer alle.



Hei, vi heiter

Anna Ødegård Vik, og Amèlie Torp Lombard, og går i 8. klasse. Vi syng i Landro

tweenskor. Det har vi gjort i ca. 3 år. Det er kjekt å syngje i tweenskoret for der er det kule, fine songar og litt meir «vaksne» songar. Når vi er med i tweenskoret blir vi betre til å syngje og kan syngje lysare og reinare tonar enn vi gjorde før. Det kling fint ilag med andre. Når vi syng på gudstenester eller konsertar er det mange som gir oss kompliment for sungen, og det er kjekt!

Det å få syngje på ulike tilstelningar gjer og at vi blir vande med å stå på ei scene, og vi blir tryggare på oss sjølve. Vi har lyst å syngje vidare, også når vi blir for gamle for tweenskoret. Nokre gonger har vi vore med som hjelparar i barnekoret. Då har vi fått

dirigere. Det er kjekt men og litt vanskeleg når vi skal få barna til å sjå på oss.

Å vere i kor er ikkje berre å syngje. Vi blir kjend med mange menneske frå andre stader.

Alvhild Vassel

Eide. Då eg slutta i arbeid og vart pensjonist, hadde eg bestemt meg for å vera frivillig medarbeidar i Det

Norske Misjonsselskap. Det er eg framleis. Men eg hadde også lyst å vera frivillig medarbeidar i kyrkjelyden, om det var noko eg kunne bidra med.

Ettersom eg er glad i gudstenesta, melde eg meg som medliturg, noko eg synest er ei gjevande teneste. Det er ei glede og ein rikdom å få lesa Guds ord, først for meg sjølv heime fleire gonger i løper av veka, deretter for kyrkjelyden på gudstenesta.

Kvart år i januar er eg med som pedagogisk medhjelpar når 3. klassingane har kyrkjevandring. Det er spanande å følgja borna i deira spontane oppdaging av kyrkja.

Eg trur vi alle har godt av det og vil oppleva det som ein rikdom å ha ei eller anna frivillig teneste i kyrkjelyden.



Øyvind Heggholmen. Eg har vore frivillig i kyrkja i rundt 5 år. Det var nokon som spurde om eg ville vera frivillig, og da svara eg ja. Oppgåva

mi som kyrkjevert er å ta imot folk til gudstenesta, og ynskja dei velkomne. Eg er kyrkjevert sånn ein gong i mellom, når det høver slik. Det er

kjekt å vera med og kjenna at ein høyrer til i eit fellesskap. Tena Gud og menneske med glede – som vi alltid høyrer avslutningsvis i gudstenesta.

Ny drifstleiar

Vi ynskjer Tore Heggernes velkommen som leiar av seksjon for kyrkjer og gravplassar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Han tek over etter Norvald Snekkevik som går over i stilling som fagleiar på gravplassområdet.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er 44 år, gift med Mildred Fjøren Heggernes og har tre gutar i alderen 12, 17 og 19 år.

Kva fekk deg til å søkje på stillinga som seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar?

Å jobbe i kyrkja og i seksjonen for Kyrkje og gravplassar såg eg for meg ville vere ei meningsfylt oppgåve. Dei som jobbar i denne seksjonen møter menneske i glede og i sorg, og det å vere med å legge til rette for gode møtepunkt både på gravplassar og i kyrkja er viktig for meg i denne jobben.

Kva har du jobba med tidlegare?

Eg har ein veldig variert yrkesbakgrunn. Eg har fagbrev som kokk, tømrar og i akvakultur. Eg har òg jobba eit år som barne- og ungdomsarbeidar i gamle Øygarden. Eg og familien min har og vore 4 år som misjonærar for NMS i Thailand.

Kva tankar gjer du deg om kyrkjebygg og gravplassar i



Øygarden, er det noko du vil prioritere?

Akkurat no er det eit stort arbeid som skal gjerast i Fjell kyrkje. Der må taket utbetrast og vi ønsker å få gjort fleire forbetringar i kyrkja. Denne prosessen er godt i gang. Det som er viktig for meg er at ein skal koma til ei kyrkje og ein gravplass som ser bra

ut. Den årstida vi er i no med vigslar, gras som gror, i tillegg til gravferder og gudstenester, gjer at det er mykje arbeid på dei tilsette.

Etterkvart som eg får meir oversikt over behova i dei ulike kyrkjene og gravplassane, vil vi få laga ei prioritert liste og ta fatt på arbeidet.



T5 Den gode gjetaren

På T5-dagen onsdag 23. mars fekk mange forventningsfulle born møte historia om «Den gode gjetaren» på nye og spanande måtar. Alle fekk òg med seg ein sau og ei bok heim etterpå.





T2 Påskevandring

Laurdag 2. april var det «T2 påskevandring» i turløypa ved Foldnes kyrkje. Store og små fekk oppleve påskeforteljinga med alle sansar, og dagen vart avslutta med kakao, påskesaft og ei lita gåve til kvar familie.



T13 Forsoning

Laurdag 23. april var det T13-dag i og ved Foldnes kyrkje. Vêret var fantastisk, og ungdomane fikk vere med på mykje kjekt, både inne og ute.



Velkommen på T-dagar til hausten!

T7 **Pilegrimsvandring**
Onsdag 17. august
Frå Morland til Fjell kyrkje

T6 **Skulestart**
Tysdag 23. august i Foldnes
Onsdag 24. august i Landro
Torsdag 25. august i Fjell

T4 **Kyrkjeboka**
Søndag 4. september i
alle tre kyrkjene

T14 **Oppstart**
Torsdag 8. september i
alle tre kyrkjene

T11 **På sporet**
Fredag 23. september
i Landro kyrkje

T10 **Tweens**
Fredag 28. oktober
i Fjell kyrkje

T12 **LysVaken**
Helga 19.–20. november
i Fjell kyrkje

T3 **Advent**
Søndag 27. november i
alle tre kyrkjene

Påmelding og meir info
www.kyrkja.no/t-dagen

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Grønmyrvegen 22, 5353 Straume (Bjørøygården)

PH
FIEDER

SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorggården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE GRAVFERD

Fjell-ly

Leirstedet til IMF Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no



Din lokale elektriker!

Thunestvedt

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Vestgar

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Bjørgvin Døgnavakt 55 20 23 00
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS 22.40.00.40 **SOS** CHAT **SOS** MELDING **KIRKENS SOS**

BK3 BERGEN KRISTNE BOKHANDEL

Man-Fre: 10-17
Lør: 10-15

Øvre Korskirkealmenning 1, 5017 Bergen

bergenkristnebokhandel@gmail.com Tlf: 474 50 292

En ferie å glede seg til

Gi trygge ferieopplevelser til famili som har det vanskelig

VIPPS en gave til 13130 (merket FERIE) gi på konto 3201 52 74165

Blå Kors



Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen, tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo, tlf. 478 23 425
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten, tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus, tlf. 920 89 740
- Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover.
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim, tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
- Morgonbøn:** Kvar onsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Torsvik, tlf. 909 37 169
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen, tlf. 975 46 646
- Sotra Reviderte:** Oppstart hausten 2022, meir informasjon om dag og stad kjem på nettsidene.
- Øygarden kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetalsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund, tlf. 408 73 642
- Fjell barnekor:** Barnekor over annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie, tlf. 408 85 692
- Fjell Vocalis:** Kontakt: Malgorzata Anna Tveit, tlf. 951 84 429

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Kurskveldar:** I kyrkjelydssalen kl. 19.00 kvar fjortande dag. Kurskveldar i kristen tru i haustsemesteret.
- Bønefellesskap:** Kvar tysdag kl. 20.00. (på kvar vår stad). Meld bønneemne til: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Bibelgruppe:** Kontakt: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjekjellaren nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Kurskveldar i Landro: Kristen tru?



Også denne hausten vert det arrangert kurskveldar i Landro kyrkje. Her tek ein gjennom foredrag og samtale opp tema og begrep som ein kjenner frå kristendomen. Men kva meiner ein med det? Er det relevant med; Guds kjærleik? Guds plan? Guds nærvær i kvardagen? Guds dom? Guds natur? Kurskveldane er under utarbeiding. Forutan foredragshaldarar, blir det invitert gjester frå ulike institusjonar i samfunnet. Slik kan samtalen utvidast med fleire synsvinklar enn dei kyrkjelege. Meir info kjem.

Datoar er:

- 21. september
- 5. oktober
- 19. oktober
- 2. november
- 16. november



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –



SØNDAG 5. JUNI

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, offer til trusopplæring.

Foldnes kyrkje kl. 11: Høgmesse ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til KRIK.

SØNDAG 12. JUNI

Vår dag i Frivillighetens år

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp, søndagsskule for dei minste, offer til Strømmestiftelsen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til eige arbeid. Sommarfest!

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til eige arbeid. Sommarfest!

SØNDAG 19. JUNI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, offer til KRIK.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp, offer til Norges KFUK-KFUM.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til Sjømannskirken.

SØNDAG 26. JUNI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, offer til misjonsprosjektet Thailand/Laos.

SØNDAG 3. JULI

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

SØNDAG 10. JULI

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til misjonsprosjektet med NMS Thailand.

SØNDAG 17. JULI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd, offer til Kirkelig dialogsenter Bergen.

SØNDAG 24. JULI

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

SØNDAG 31. JULI

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

SØNDAG 7. AUGUST

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erlend Fauskanger, dåp og nattverd, offer til Kirkens SOS.

SØNDAG 14. AUGUST

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste, ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til Kirkens SOS.

SØNDAG 21. AUGUST

Fjell kyrkje kl. 11: Semester-opningsgudsteneste med dåp, offer til KABB.

Foldnes kyrkje kl. 11: Oppstartsgudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre. NRK radiogudsteneste med oppmøte kl. 10.45.

Landro kyrkje kl. 11: Oppstartsgudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd.

SØNDAG 28. AUGUST

Langøy kl. 12: Friluftsgudsteneste i samband med Kystkulturdagane.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste med nattverd, offer til Ungdom i oppdrag.

SØNDAG 4. SEPTEMBER

Fjell kyrkje kl. 11: T4 familiegudsteneste med dåp, offer til eige arbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: T4 familiegudsteneste ved Maria Tveten, dåp, offer til Norsk Søndagsskoleforbund.

Landro kyrkje kl. 11: T4 familiegudsteneste ved Bjarte Nese, dåp.

SØNDAG 11. SEPTEMBER

Fjell kyrkje kl. 11: Presentasjonsgudsteneste med nattverd.

Foldnes kyrkje kl. 11: Presentasjonsgudsteneste ved Maria Tveten, dåp, offer til eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med nattverd.

SØNDAG 18. SEPTEMBER

Fjell kyrkje kl. 11: Presentasjonsgudsteneste med dåp.

Foldnes kyrkje kl. 11: Presentasjonsgudsteneste ved Maria Tveten, dåp, offer til eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Presentasjonsgudsteneste ved Bjarte Nese, dåp.

Vi tek atterhald om at endringar kan komme, følg med på nettsidene:

WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN



LIVETS GANG



DØYPTE

Fjell kyrkje

27.03.2022

Olivia Jellestad Eriksen

Tiril Fjell Hesvik

Zelda Reigstad

02.04.2022

Ida Kristine Hovland Seim

Hedda Anglevik Birkeland

Laurits Myrvågnes

Pia Mehus Træet

Neah Michelle Bøe Nordøy

Carmen Isabell Bøe

Tristan Ekerhovd Robstad

10.04.2022

Nova Evalina Andersen

Storm Skorven Samuelsen

01.05.2022

Olander Rindheim Nilsen

Leolas Andersen Engesæth

Christopher Phonsri Mørner

Christina Phonsri Mørner

07.05.2022

Olav Nordahl-Pedersen

Ella Drønen Spilde

Ada Louise Egesund

Odin Bildøy Bakke

Sebastian Nord

Oline Forland Espe

Foldnes kyrkje

20.03.2022

Fredrik Friksen Storl

León Landsvik

Emilian Aleksander Nedrebø

Nora Olsen Samsøen

03.04.2022

Einar Ådland Gulbrandsen

Thea Kalgraf Haugland

17.04.2022

Nova Mortensen Linge

24.04.2022

Amanda Pham Danielsen

Sivert Aksnes

01.05.2022

Oskar Furnes Fegri

15.05.2022

Tobias Møane Veland

Oline Forsberg

Solveig Wollen Birkelund

Landro kyrkje

27.03.2022

Sofia Kålås Pisani

03.04.2022

Konrad Cabiles Langeland

10.04.2022

Kaja Tvedt Halland

Dina Josefine Frydenlund Lie

Maiken Myra Erlandsen

01.05.2022

Mari Strand Heggøy

VIGDE

Fjell kyrkje

02.04.2022

Maren Nielsen og Tommy Toftevåg

DØDE

Fjell kyrkje

Harald Bjarne Hitsøy f. 1948

Marta Norunn Nesse f. 1942

Arve Samland f. 1957

Leif Ekren f. 1928

Else Kitty Pedersen f. 1939

Arthur Skoge f. 1926

Jenny Marie Sandal f. 1931

Ryan Ibanez Hjørnevik f. 1981

Bergit Skoge f. 1924

Bjørn David Aase f. 1971

Foldnes kyrkje

Bjørn Hansine Solvang f. 1940

Merly Kristine Nakken f. 1933

Ruth Rosenlund Larsen f. 1940

Gert Bildøy f. 1948

Kjell Morten Teigland Markussen f. 1970

Anfinn Emil Danielsen f. 1945

Inger Rasmussen f. 1924

Jan Kåre Bildøy f. 1948

Olav John Ulveseth f. 1938

Per Ove Sivertsen f. 1941

Pia Amalie Selstad Tvedt f. 1996

Brit Synøve Ellingsen f. 1950

Landro kyrkje

Berit Eide f. 1935

Torolf Kåre Angeltveit f. 1935

Victor Pedersen f. 1950

Fridjof Glesnes f. 1970

Helene Trengereid f. 1934

Malena Alfrida Ågotnes f. 1921

Solveig Angeltveit f. 1922

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@gmail.com

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve 473 04 530
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarne Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

Hjertelig takk

for all omtanke, deltagelse, blomsterhilsener og fine ord ved vår kjære mor **Laila Algrøy** sin bortgang. En stor takk til Bergen & Omegn Begravelseshjelp, prest Bjarne Nese og solist Eirik Søfteland, som gjorde seremonien verdig og fin for oss alle. Takk for minnegaver til Landsforeningen for hjerte- og lungesyke.

Frode, Eivind og Margunn med familier

Barne- kryssord



Vannrett:

1. Dyr
4. Varmekilde
6. Land i Afrika
10. Land i Europa
11. Plante
13. Jentenavn
14. Anne Iversen
15. Trist (eng.)
16. Tor Monsen
17. Engelsk tittel
18. Jentenavn

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Loddrett:

1. Jentenavn
2. Høgtid
3. Verper høna
4. Singer: Frank
5. Guttenavn
7. Profet
8. Jentenamn
9. Første mann
12. ... Kleveland.

Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 30. august


Vinnar av Barnekryssord
i nr. 2 – 2022:
Kasper Ågotnes Jakobsen
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



FOLDNES KYRKJE
2. PINSEDAG /
6. JUNI KL. 20

HEAVEN HELP US ALL

Konsert for håp
og trøst med
Gospelkoret Lokal
Vokal og Vokalgruppa
Bless

Fri inngang
Kollekt til
Kirkens Nødhjelp

Kveldskonserter

Foldnes kyrkje
torsdag 16. juni kl. 20.00

Øygarden kyrkjebrass
spelar kjente salmetonar i arr.
av Frelsesarméen

Kjerstin Vinsjansen Gjertsen
syng «Salmar i ny drakt» til
eige pianoakkompagnement

Vokalgruppe frå
Sotra Reviderte

Fri entré

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd